




gda



BOKA: Historia om Hallingdal av Kåre Olav Solhjell. Boka er utforma av Jarle Stanes, Hallingdølen.

Knut Arne Gurigard trur ikkje dette er for mykje.

- Denne boka bør vere sjølvstekt i alle bokhyller i dalen. Dersom halvparten av husstandane i Hallingdal kjøper den, og dersom 20 prosent av dei 17.000 hytteeigarane i Hallingdal gjer det same, er mykje av opplaget borte. Skulane er ei anna viktig kundegruppe, her har dei masse stoff for å drive lokal undervisning på alle årstrinn.

Lansering

Bokbudsjettet er på 1,2 mil-

lionar kroner. Av dette har Sparebankstiftinga gitt ein del stønad, kommunane har gjort eit støttekjøp, og regionrådet dekkjer resten. Boka skal seljast i bokhandlar, turistkontor og servicetorg over heile dalen, og kjem truleg til å ligge under mange juletre i år. Boka blir lansert på Hallingtinget sitt møte fredag 7. november,

For alle

- Frå før veit eg at det er stor etterspørsel etter denne type bøker, seier Kåre Olav Solhjell som har lagt vekt

på å skrive ei lettlesne bok, utan å fordjupe seg i tunge historiske problemstillingar. - For ein historikar har det sjølvstekt vore tungt å kutte i enkelte tema, men det må ein finne seg i for å få fram ei bok som skal vere for alle, seier han. Han rosar boknemnda som har hjulpet han i arbeidet, der det har vore mange gode diskusjonar om innhaldet.

- Men så er det også blitt ei bok til Hallingdal, om Hallingdal og frå Hallingdal, understrekar regionrådsleiar Knut Arne Gurigard.



FANTASYDRONNING: Den danske forfatteren Lene Kaaberbøl har hatt stor suksess med fantasy-bøkene sine for ungdom både i Noreg og i mange andre land. (FOTO: SANNE BERG / SAMLAGET).

Dansk fantasy-dronning til nynorsk barnebokfestival

Den danske fantasyforfatteren Lene Kaaberbøl er det store trekk-plasteret når barnelitteraturfestivalen Falturiltu går av stabelen på Stord for åttande gong 2.- 7. november.

- Utgangspunktet vårt var at me ville laga ein festival om fantasy og liknande sjangrar. Me ville belysa kva som finst på nynorsk av slike sjangrar og var så heldige å få med oss ei av dei store fantasy-seljarane til Samlaget, seier festivalsjef Roald Kaldestad til Nynorsk pressekontor.

Han fortel at den danske fantasy-dronninga har stått på ønskelista til festivalen i fleire år.

- Fantasy er ein omdiskutert sjanger blant litteratar, men ho har klart kunststykket å laga slike bøker som både har litterær kvalitet og som sel godt. Eg har sjølv lese bøkene hennar og er svært begeistra.

Smakebitar av ny film

Å få Kaaberbøl på besøk i år, kunne knapt passa betre. Skammarens dotter - fantasy-boka som blir rekna som gjenomslagsboka til Kaaberbøl - er nemleg i ferd med å bli film.

- Filmen er eit nordisk samarbeid og kjem rundt nyttår, men under opninga av festivalen får publikum truleg sjå nokre eksklusive bitar frå filmen, røper Kaldestad.

- Møter folk der dei er

Fantasy pregar ikkje berre forfatterane på festivalen. Temaet går også att i mykje av det andre

som skjer. Festivalsjefen seier likevel at variasjonen i programmet er stor.

- Rundt femten forfatarar er i sving. I år når me ut til alle frå dei aller minste til folk på eldre-senter, seier Kaldestad.

Han fortel at litt av kongstanken til festivalen er å reisa ut til folk der dei er i staden for å hala dei inn i kulturhus. I år har festivalen mellom anna fått med seg den danske fantasyforfatteren, som også er utdanna ridelærer, på bok- og hestetreff. Arrangementet har fått namnet Stallturiltu, og målgruppa er først og fremst jenter som er interesserte i bøker og hest.

Bok og fotball med Erik Solér

For å nå ut til fotballinteresserte gutar, har festivalen dei tre siste åra arrangert bok- og fotballfest.

- Det har vore ein stor suksess, seier Kaldestad.

I år har festivalleiinga fått med seg den legendariske fotballspelaren Erik Solér. Han burde appellera både til unge gutar og til kvinner i 40-50-åra, meiner Kaldestad.

Festivalen byr også på forfatterarbeid i skulen, faglege seminar, skrivekurs, konsertar og ei rekkje andre arrangement. Mellom anna vil kjende nynorske forfatarar ta for seg fantasy og fantastisk litteratur på eit eige seminar på Høgskulen Stord/Haugesund, medan leseglede og lærelyst er tema fore eit seminar på Stord Kulturhus.

- Dette er tema som burde engasjera folk i heile regionen, seier festivalsjef Roald Kaldestad. (©NPK)